



Kjetil Vinnes Raknerud og Camilla Søderstrøm Tveit
Holmeknappen 29
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4105 - 14/18569

Saksbehandlar:

Merethe Tvedt

merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:

27.11.2014

Godkjenning- oppføring av garasje på gbnr 10/49 på Holme

Administrativt vedtak. Saknr: 345/2014

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-2 motteke 28.10.2014 om løyve til oppføring av garasje på 49,6 m² på Holme i Meland kommune.

Tiltakshavar har saman med søknad om byggjeløyve, søkt om dispensasjon frå forbod om bygging i strandsona. Eigedommen er i reguleringsplanen for delar av Holme- Holmeknappen regulert til bustad. Tiltaket treng ikkje dispensasjon frå 100- metersbeltet.

Vurdering:

Planstatus/Dispensasjoner:

Eigedommen er i reguleringsplanen for delar av Holme- Holmeknappen (HB3) regulert til bustad. Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 23.10.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet innan fastsatt frist. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Det ligg føre erklæring frå eigar av Gbnr 10/160 om løyve til å plassera garasjen 0,5 meter frå

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

felles eigedomsgrense.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket må plasserast som vist på vedlagte situasjonkart motteke 28/10.2014 og utformast i samsvar med vedlagte plan,- snitt- og fasadeteikningar av same dato. Tiltaket er plassert 0,5 meter frå nabogrense. Det ligg føre erklæring frå naboieigedom om løyve til plassering nærare felles grense enn 4 meter.

Parkering og utandørs opphaldsareal:

Tillat utnyttingsgrad på tomte (%BYA) må ikkje overstige 15%. Følgjeleg samsvarar tiltaket med reguleringsplanen.

Planløyving og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyving og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29-1.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til oppføring av garasje på 49,6 m² på Gbnr 10/49 på Holme i samsvar med søknad m/vedlegg motteke 28.10.2014.

Plassering av tiltaket skal vera som vist på vedlagte situasjonskart motteke 28.10.2014, med eit toleransekrav til horisontalt plan +/- 50 cm. I vertikaltplan +/- 20 cm.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
1049

Mottakere:

Kjetil Vinnes Raknerud og Camilla Holmeknappen 29 5918
Søderstrøm Tveit

FREKHAUG